

www.voss.kyrkja.no

Nr.1 | 2020 | 79 årg.

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



Nye sokneråd

Dei nye sokneråda er no komne i gang med arbeidet sitt. Mange nye medlemmer som har mykje nytt å setja seg inn i. Sjå kven dei er på **side 4**.

T-dagar

Mange spennande aktivitetar skjedde før jol. Les om desse, og sjå bilete på **sidene 9-11**. Barnesida finn du på **side 12**.

Jolatrefestgudstenester

I mange av kyrkjene våre vart det halde jolatrefestgudsteneste med gange rundt jolatreet og hausting av alt det gode som hang på det. Sjå bilete på **side 8**.

DE HISTORISKE

DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP

T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,
Signe og Marie
Fleischer

DET ER NOE
MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON
FOR STORSLAGNE
BEGIVENHETER

FLEISCHER'S
HOTEL

ANNO
1864

56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no



Kyrkjekontoret:

Kontortid: mån-fre kl 9-15, onsdagar 10-15
Uttrågt. 5, pb 49, 5701 Voss
Telefon 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no, post.voss@kyrkja.no
konto.nr. 3480.16.45293
Kyrkjeverje Svein Tøsse
959 79 905
e-post: ST545@kyrkja.no
Ass. kyrkjeverje Åslaug Styve Mjånes
408 53 537
e-post: AM574@kyrkja.no
Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe Kharazmi
952 98 681
e-post: AK649@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik
995 18 194
e-post: CS222@kyrkja.no
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal
952 62 025
e-post: RS625@kyrkja.no
Diakon Sigrid Djukastein Mala
478 49 134
e-post: SM435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar Vetle Leksbø
Tlf. 947 93 477
e-post: VL555@kyrkja.no
Kantor Astrid Gjestvang
58 56 414
e-post: AG678@kyrkja.no
Organist Frode Vik
952 62 084
e-post: FV586@kyrkja.no
Organist Vossestrand Ellen Marie Selland Geithung
980 64 594
e-post: EG395@kyrkja.no
Kyrkjetenar Bolstad Anny Forthun
418 36 520
Kyrkjetenar Evanger June Mykkeltvedt
Kyrkjetenar, Voss Thomas Velsvik
414 75 383
Kyrkjetenar Oppheim/Vinje Kjell Kr. Øyre
416 29 786
Gravar Vidar Bryn 996 00 940
Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne
918 74 201
Kontormedarbeidarar: Idunn Holen, Lene Brunborg
og Randi Kløve

Prestetenesta:

Kyrkjekontoret på Voss, Uttrågata 5
tlf sentralbord 56 52 38 80
Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy
906 99 533
e-post: AH539@kyrkja.no
Sokneprest i Voss Anders Hove
414 68 493
e-post: AH657@kyrkja.no
Sokneprest i Ulvik/Granvin
Magnar Haaland
415 46366
e-post: MH977@kyrkja.no
Sokneprest i Vinje/Oppheim/Raundalen
Cato Torsvik
974 23 459
e-post: RT682@kyrkja.no
Prostiprest Arnulf Sandvik
416 75 658
e-post: AS794@kyrkja.no
Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode Kvamsøe
901 96 514
e-post: FK@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt	952 79 970
Voss: Bjørg Helland	938 56 326
Oppheim: Monica Gudrun Hansen	
	957 58 204
Vinje: Ståle Hirth	950 84 902
Raundalen: Johnny Lemme	401 82 912
Granvin: Sigvor Melve Schrey	911 32 608

Kyrkjennytt utgjeve av:

Voss Kyrkjelege Fellestråd saman med Evanger,
Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin
sokneråd
Besøksadresse:
Kyrkjekontoret, i Uttrågata 5
Postadresse: Pb. 49, 5701 Voss
Epost: kyrkjebladet@voss.kyrkja.no
Kontonr: 3480.16.45293
Telefon (red.) 915 98 410

Redaksjonsnemnd:

Heidi Hisdal, Anne Marie Haugen, Gunn Horvei,
Eva Kløve, Einar Melve og Arne Mosefinn (red.)
Grafisk produksjon:
Voss Prenteverk. Opplag: 7550 eksemplar
Neste nummer:
Neste nr. kjem ut i veke 13
Frist for innsending av stoff er 25. februar.
Framsidebilete: Frå joletreffestgudstenesta i
Vangskyrkja. Foto: Arne Mosefinn



Tilgjeving!

Av Per Helleve

I 1968 var eg på Mannsmøte på Stord i regi av Indremisjonen. Ein av talarane var Einar Lundby, lækjar, forkynnar og sjelesyrgjar.

Eg hugsar han snakka om synd og korleis mange menneskje ber Jesus om tilgjeving gong etter gong for same synda. «Men» sa han, «har du sanna synda di for Jesus, har han tilgjeve henne, ja, han har gløymt henne. Men Jesus har ikkje sagt at me skal missa «hukommelsen» for det. Difor dukkar ho gjerne oppatt i minne ditt. Men ho er tilgjeve!»

Det er ein barnesong som og talar om dette: «Han har kastet alle mine synder bak sin rygg. Han har kastet alle mine synder bak sin rygg, han ser dem aldri mer!»



Karnevalsgudsteneste

Velkomen til karnevalsgudsteneste for små og store i Vonheim 23.februar kl. 16.00.

Kle deg ut som det du vil, utan maske, men gjerne med sminke.

Det blir pizzaboller og mogeleg å lage fastelavnsris etter gudstenesta.

Misjonssundag

Sundag 22.mars kl. 1100 ynskjer me alle velkomen til misjonsgudsteneste og basar. På gudstenesta vil barnekoret vårt delta. Etter gudstenesta vert det enkel middag og basar i Prestegarden, ca. kl. 1230.

Hjarteleg velkomne til misjonssundag for små og store.

Misjonsnemnda

Resultat av soknerådsvale

Evanger Sokneråd:

Framme frå venstre: Karin Akerlie, Nora Mykkeltvedt (leiar), Anny Forthun.

Rekkje nr to frå venstre: Ellen Iren Johansen Århus, Inghild Birthe Otnem Rasdal, Helen Kristin Bolstad, Gunn Horvei.

Bakerste rekkje: Jarle Hjørnevik, Eivind Yndestad og Orlaug Botnen Styve



Evanger sokneråd

Granvin sokneråd:

Dette er det nye soknerådet i Granvin. Ein ny situasjon for oss, som har vore vane med å vere eit sokns kommune. Men me har kjøpt tenester frå Voss i fleire år, og har hatt eit veldig godt samarbeid. Voss har tatt imot oss, med opne armar, og inkludert oss. Me har vore ein av dei, og det har vore veldig godt. Dei har gjort ein god jobb for oss, og eg er trygg på, at dei fortsatt vil gjere det dei kan, for kyrkja i Granvin.



Granvin sokneråd

På biletete ser me: Leif Harry Øydvin, Atle Seim, Jan Ivar Rødland, Anne Marie Haugen, Ingebjørg Winjum, Ingeleiv Kolås, Sigvor Melve Schrey (leiar), og sokneprest Magnar Haaland (bak).



Voss sokneråd

Voss sokneråd:

Dette vart presentert i Vangskyrkja søndag 8. desember. Då var desse til stades: Sigurd Langehaug (vara), Arne Mosefinn, Torbjørg Turvoll (vara), Torunn Eimstad, Sigrid Haug (bak), Bjørg Helland (leiar), Cissel-Norunn Erdal, Marta Underdal, Haldor Lid (vara, bak) og Anders Hove (sokneprest). Fråverande: Christian Torsvik, Olav Trå og Einar Melve.



Oppheim sokneråd

Oppheim sokneråd:

Frå venstre: Monica Gudrun Hansen (leiar), Tore Bidne, Turid Grindaland Nummedal, Marta Jorunn Almeland Kvamme, May-Ruth Nåsen Neteland og Heidi Hisdal. Ikkje til stades Gerd Ingrid Jordalen.



Vinje sokneråd

Vinje sokneråd:

Frå venstre: Geir Lirhus, Ståle Hirth (leiar), Anita E. Rambjørg, Margunn Mørkve, Ragnhild Bystøl, Linn Jeanette Sandvik Måge og Ingunn Bystøl

Velkommen, Granvin!

Av Åslaug Styve Mjånes

2020 er godt i gang, og med nytt år er det nye tider, også hjå oss i kyrkja. Etter ein samanslåingsprosess som har gått parallelt med kommunesamanslåinga har Voss gått frå fem til seks sokn i fellesrådsområdet. Etter mange år med tett samarbeid mellom Voss kyrkjelege fellesråd og Granvin sokneråd, er me no eitt.

Som lesarane av Kyrkjenytt vil sjå, tyder det også at det vert reportasjar og nytt frå Granvin sokn i bladet, på linje med dei fem andre sokna våre. Mykje godt lokalt arbeid vert gjort i kyrkjelydane, og kanskje kan ein finne både inspirasjon og nye idear ved å sjå kva som skjer andre stader i kommunen? For gravensarane vert det høve til å verte litt kjend med dei andre sokna i den nye kommunen, og aktivitetane der.

Dei nye folkevalde er på plass i alle råd og for det nye soknerådet i Granvin er det nok i endå større grad ukjend terreng som ligg framfor dei. Her skal det opparbeidast nye rutinar og arbeidsformer i overgangen frå å vere både fellesråd og sokneråd, til no å fokusere på soknerådsarbeidet lokalt i kyrkjelyden. Me på kontoret skal framleis vere med og støtte både Granvin sokneråd og dei andre, og me er sikre på at med det gode grunnlaget som er lagt i årelangt samarbeid, skal også dette fungere godt framover.

Me ynskjer Granvin sokn velkomen inn i Kyrkjenytt, og i Voss kyrkjelege fellesråd. Me gler oss til vidare samarbeid og utvikling!

Nytt frå Etiopia/Misjonsprosjektet

Av Britt Hernes

10. desember 2019 tok ein rørt Abiy Ahmed Ali imot Nobels fredspris i Oslo.

I talen sin lovde han å halda fram arbeidet for menneskerettar, ytringsfridom og fred. Han sa at han er inspirert av bibelsitatet som seier: “Salige er dei som skaper fred, for dei skal kallast Guds barn”.

For mange har den nye statsministeren vore ei stor inspirasjonskjelde. Kvinner og menn har fått nytt håp for framtida. Halvparten av statsrådene er kvinner. Han er også blitt berømt for utsegnen om at kvinner er mindre korrupte enn menn. I nobelføredraget la Abiy Ahmed Ali stor vekt på fredsavtalen med Eritrea. Han delte raust æra for denne avtalen med den eritreiske presidenten.

I 50 år har NMS vore i Etiopia. Saman med m.a. den lutherske Mekane Yesus-kyrkja har NMS bidrege til både kyrkjevekst og arbeidet for å betra kvinner og undertrykte sine kår.

Tradisjonelt har kvinnene i store deler av Etiopia lite rettar. Dei får ikkje arva eigedomar, dei har ubetydeleg posisjon og vert i liten grad verdsette og respektert. Overgrep og vald mot kvinner vert ofte sett lakk på.

Det er difor store forventningar til fredsprisvinnaren. I avslutninga i føredraget sitt brukte Abiy Ahmed Ali ein bibelsk metafor om kva som må til for å skapa fred og forsoning i framtida:

«Eg er vaktaren til bror min. Eg er også vaktaren til syster mi. Eg har lovnader som eg skal halda før eg somnar. Eg har mange mil å gå på vegen mot fred».

Be for: Fred og forsoning mellom dei ulike folkegruppene i Etiopia og at fredsavtalen med Eritrea må halda fram.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.



Scolae Collegium

Minnekoncert for Arvid Aarsnes

Av Arne Mosefinn

Vangskyrkja var fullsett då det vart skipa til minnekoncert for organist Arvid Aarsnes, som ville fylt 100 år 19. januar. Aarsnes var organist i Vangskyrkja i 35 år, frå 1952 til 1987. Men han var ikkje berre organist; han deltok aktivt i musikklivet elles på Voss, som komponist og arrangør, som dirigent og inspirator. Dette spegla seg att i konserten som vart halden til hans ære, ved at dei fleste av framføringane enten var komponert av – eller arrangert av Aarsnes. Dessutan hadde fleire av deltakarane hatt Aarsnes som dirigent, så som Scolae Collegium og Fossegrimen.

Konferansier Tone Fuglehaug batt programmet saman, og fortalde litt om dei ymse innslaga. Som innleiing fortalde ho at Aarsnes hadde hatt ei mor som alltid song. Ho var ei lovande songarinne, medan

faren var kunstmålar. Sjølv hadde han ei framifrå evne til å formidla kunnskap som han sat inne med. Mari Bryn opna det heile med to salmar, den eine av Magne Myhra og den andre av Edin Holme, begge til melodiar komponert av Aarsnes. Scola Collegium (som i høve konserten var «oppstått» på ny) song salmen «Det hev ei rosa sprunge» og to folkesongar, arrangert for koret av Aarsnes. Anders Bauthus Undeland, akkompagnert av Bjørg Aurora Tveit på flygel framførte Dåpssalme, som Aarsnes skreiv til vesle Sigbjørn frå onkel.

Margit Mørkve Botterill song «Idrøpar av lys» av Magne myhra og Vespers av Minna Adams. VOK song Kveldssang og ei jentegruppe frå musikklinja på Voss gymnas song saman med Mari Bryn «Helgdagsfrid».

Aarsnes hadde arrangert Brudeslåttene for orgel, tileigna Sigbjørn B. Osa. Denne vart først framført av Håkon Asheim på hardingfele, deretter av Lars Ragnvaldsen på orgel. Etter eit sjukehusopphald skreiv Aarsnes «Humoreske», ei musikals diagnose. Denne vart framført av Jo Asgeir Lie på trekkspel og Margit Mørkve, vokal.

Konserten fekk ei mektig avslutning ved at Fossegrimen og Prosjektkoret framførte Pie Jesu og Agnus Dei frå Requiem av Gabriel Fauré. Dette hadde Aarsnes brukt av eigne pengar for å få framført ved nyopninga av Vangskyrkja i 1953 – då det var fyrste gongen det vart framført i Norden.



Margit Mørkve Botterill og Jo Asgeir Lie framfører Humoreske



Prosjektgruppa for konserten hadde fått laga tavler med bilete av organistane i Vangskyrkja



Anders Bauthus Undeland og Bjørg Aurora Tveit framfører Dåpssalme

Sorggruppe

Vi startar opp ny sorggruppe torsdagar kl 19.00-21.00 i Prestegarden.

I sorggruppa vil det vera frå 4-8 deltakarar, og den går over 10 kveldar.

Gruppa kjem saman for å dela erfaringar og opplevingar etter å ha mista ein av sine næraste – og slik kan vera til hjelp og støtte for kvarandre.

Dersom du/de ynskjer å delta i sorggruppe eller ynskjer meir informasjon, kan du ta kontakt med:

Diakon Sigrid Djukastein Mala på tlf. 478 49 134, eller sokneprest Cato Torsvik tlf. 974 23 459.

Joletrefestgudstenester

Bolstadøyri kapell

Sundag 5. januar var det joletrefest/ gudsteneste i Bolstadøyri bedehus. Ca 40 store og små tok turen. Det vart sunge jolesongar, og det var gang rundt juletreet. Treet var pynta med etande pynt og det fekk ungane etterkvart hausta. Til sist var det kyrkjekaffi med heimelaga kringle, muffins og kake. Ein kjekk joletrefest for små og store.

Granvin kyrkje

Gudstenesta var halden sundag 12. januar kl 15.00. Juletreet var pynta, og det var lagt opp til song av julesongar og gange rundt juletreet, i tillegg til «hausting» av sjokoladekuler frå juletreet etterpå. Det var få til stades i kyrkja, så me song julesongar utan juletelegange. Det vart likevel ei hyggjeleg stund, så det var synd det ikkje var fleire som deltok.

Vangskyrkja

Joletrefestgudstenesta i Vangskyrkja vart halden på Heilag-tre-kongars dag. Det var mykje gange rundt juletreet der me song dei kjende jolesongane. Anders Hove fortalde om då vismennene frå Austerland kom til Jesus-barnet med gåver. Han fortalde også om ei spesiell, glitrande kule han hadde på sitt eige joletre.



Hasting av godter frå treet på Bolstad: Øystein Tesdal med borna Gjert (fremst) og Inge-Olai på armen. Ved sida står Ada-Kristin Bolstad Utsola. Foto: Gunn Horvei



Små og store gjekk saman rundt juletreet i Vangskyrkja. Foto: Arne Mosefinn



«Tru kva godt eg skal finna meg?». Foto: Arne Mosefinn



To som har funne seg godter frå treet. Foto: Arne Mosefinn

Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG

f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss herad.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna informasjon om komande T-dagar, reportasjer frå det som har skjedd, oppgåver og konkurransar. Det gleder oss at Granvin no også har vorte ein del av trusopplæringa i Voss herad!

T5 Julekrybbeverkstad

Tre ettermiddagar, 18., 19. og 20 nov., var Vonheim fyllt med sprudlande femåringar som var inviterte til å lage sine eigne julekrybber. Mange kom



rett frå barnehagen. Takka vere fantastiske frivillige, stod middagen klar som både born og vaksne kosa seg med, før sjølve krybbelaginga. Me avslutta med å fylgje stjerna mot "Betlehem", der Jesusbarnet og ein av gjetarane fortalde om kva som skjedde den aller første jula.



T10/T11 LYS VÅKEN



I november var det Lys vaken for 11-åringane frå Voss, Raundalen, Vinje og Oppheim. I Granvin var det både 10 og 11-åringar som var lys vakne, både for seg sjølve og for Gud. Dette er ein kveld med stemningar og opplevingar utanom det vanlege. Det var lysløype, mat, glowstick-andakt og mykje meir. Bileta er frå Oppheim kyrkje.



T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

T₃/T₄/T₅

I Granvin og på Bolstad har me slått saman T-dagen til tre-, fire- og femåringane. Me har felles gudsteneste med utdeling av "Bibelen for dei små" til fireåringane. Dette er ein fargerik og lettlest barnebibel. Treåringane fekk i tillegg vera med på Undretur i kyrkja/ bedehuset, og me opplevde mange artige "preiker" frå preikestolen denne dagen. Femåringane fekk laga den populære julekrybba, til bruk i adventstida og i jula. Bileta er frå Granvin.



Godt for presten å få litt hjelp under gudstenesta



Dåpspåminning

Jona som blei slukt av ein kval var tema på alle T4- dagane i år. På barnas side er det oppgåver som de kan prøve dekan på. Hugsar de forteljinga om Jona? Den står i Barnebibelen (Jona 1,1-3,3)



Julekrybbelaging i Bolstadøyri bedehus.



T₁₀/T₁₁
I Evanger kyrkje



Det som hende i dei dagar då Jesus vart fødd kan skildrast på ulike måtar. Filmen "The Star" er ein animasjonsfilm som skildrar juleevangeliet ut frå dyra sin ståstad. På denne T-dagen kosa me oss med film, popcorn, pizzabollar og saft før me laga englar som me pynta med i kyrkja. Me hadde også god tid til prat om tru og livet og til lek i lag.

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

Julevandring med banehagane og julegudstenester med skulane.

Det er alltid ei stor glede å få invitere barnehagane og skulane til kyrkja i desember. Det å kome i kyrkja før jul og kjenna på den gode stemninga, få høyra juleforteljinga og få vera ein del av ein verdensvid og historisk tradisjon er viktig for å kjenna sin eigen identitet. Born i heile verda samlast for å feira det store underet som skjedde i Betlehem. Me hadde til saman 16 vandringar med barnehagane og alle skulane var med på gudsteneste.



Juletreffestgudstenester

På nyåret har det vore juletreffestgudsteneste i alle sokna våre. Me får veldig mange positive tilbakemeldingar på desse gudstenestene, og at born og vaksne storkosar seg. For borna er kanskje høgdepunktet avslutninga med hausting av juletreet, som er fyllt med gode og symbolske kaker, epler og godteri.



Barnekroken i kyrkja utviklar seg sakte men sikkert. Det siste tilskuddet er tøfler i ulike storleikar som borna kan låne og ha på seg når dei er i kyrkja. Borna held seg varme på beina samstundes som at dei kan bevege seg meir fritt utan at føresette skal bekymre seg for sko som bråkar. Tusen takk til Helga Honve som har strikka til oss!



I neste nummer reknar me med å kunne fortelje om:

T₇ Babysong

Når dette bladet kjem i postkassene er Babysongen godt i gang både i Vangskyrkja og i Oppheim kyrkje. Mange babyar og foreldre møtes for å synga i lag og bli kjende med kvarandre.


T₁₀/T₁₁ Kristuskransen

Me lagar kvar vår Kristuskrans, eit armband med perler som tilsaman vert livets krans. Perler som trøystar, gleder, gjeve kjærleik, gjev stillhet, minner om dåpen og andre.

3. feb. T₁₀/T₁₁ i Granvin kyrkje
5. feb. T₁₀ i Vinje kyrkje
10. feb. T₁₀ i Vangskyrkja

Karnevalsgudsteneste

Bli med på karnevalsgudsteneste 23. feb.! Kle på deg dei raraste kleda og kom og høyr kvifor me har karneval. Me gler oss skikkeleg til å fortelje og vise bileter i neste nummer av kyrkjennytt!

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈




BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jona blei kasta over bord frå ein båt, og blei slukt av ein kval!


Teikning: Chiara Bertelli



Hjelp Jona ut av kvalen!

Kan du hjelpe Jona å finne vegen ut?

Teikning: Chiara Bertelli



Finn 5 feil

Teikning: Chiara Bertelli

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Gamle Tobias
hadde køyrt bil i alle
år. No hadde han fått
seg nye briller, og kom
skjelvande heim til kona.
– Før eg fekk desse
brillene gjekk alt så bra
i trafikken. Men no
kjem jo bilene frå
alle kantar!

VITSAR

Det var
haust i Edens
hage. Plutseleg
kom eit fikenblad
virvlande i vinden.
– Sjå Adam, ropte
Eva. – Ein usynleg
mann!

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



MiniMidiSing song fleire songar innimellom dramatiseringa.



Astrid Sudmann framførte den
dramatiske historia.

Jolestria på Øvstehaugen

Ein musikal av MiniMidiSing

Av Arne Mosefinn

Sundag 1. desember framførte MiniMidiSing ein musikal i Vangskyrkja. Den var skriven av Åshild Bø Kharazmi og heitte Jolestria på Øvstehaugen. Den handlar mellom anna om jolegrantenninga på Torget, men kanskje mest om den store akekonkurransen som besten arrangerte. Den gjekk nedover Brattebakken, gjennom hofteknakkjaren og hårnålsvingane, over vaskebretta og i mål.

Etterpå var det «pøsegrilling over bål» og gang rundt joletreet.



Borna dramatiserer akekonkurransen gjennom hårnålsvingane.



«Vi klappar i hendene ...»

Ringen er slutta

Intervju med Bengt Staffan Arvidsson

Av Arne Mosefinn

Mange har sikkert fått med seg at det i preikelista for kyrkjene i vårt distrikt står Arvidsson oppført som prest. Men er ikkje det han bilselgjaren på Toyota, då? Kan han også vera prest?

Korleis har dette seg, Bengt?

Gjennom 17 år har eg fått høve til å delta i kyrkjeleg arbeid som vikar for kyrkjetenaren i Vangskyrkja. Her har eg fylgt gudstenestene og sett korleis dei føregår. For eitt år sidan fekk eg spørsmål frå prost Hellesøy om eg kunne tenkja meg ei utvida verksemd – t.d. som prestevikar. Dette fanga mi interesse, og i første omgang var det snakk om å fylgja Magnar Haaland i hans arbeid i Granvin og Ulvik. Magnar er svært hjelpsam og han forklarte meg mykje om korleis ein forrettar gudsteneste. Han er i det heile ein stor inspirator.



Eg kjem frå ein prestefamilie – og kjenner no at ringen er slutta. Eg går av med AFP til sommaren, og då kan eg konsentrera meg meir om denne nye oppgåva.

Korleis meistrar du det teologiske?

Eg kjenner meg nok litt friare enn kanskje prestane gjer. I preikene mine byggjer eg mykje på eigen erfaring og det eg har opplevd saman med andre menneske. Møte med menneske har alltid vore berikande for meg. Eg er ikkje spesielt bibelsterk, men eg har stor bibelinteresse. Liturgien og salmane er til stor hjelp under heile gudstenesta – dei er med å utfylla tekstane. Etter kvart vert eg meir fri frå manuskriptet og kan fanga opp ting som skjer ute eller blant tilhøyrarane. Eg kan til og med leggja om litt når det er mange born tilstades. Så eg likar meg godt når det er barnedåp i gudstenesta.

For snart eitt år sidan hadde eg mi første gudsteneste i Granvin, saman med Magnar. Dette kjendes svært meningsfullt ut for meg. Det var berikande å vera i eit kollegium med klokkar, kyrkjetenar og kyrkjevert. Sidan har eg vikariert nokre gonger i Granvin og Ulvik kyrkjer.

No har eg fått fullmakt frå biskopen, slik at eg kan utføra alle kyrkjelege handlingar utanom vigsler. I går (23. januar) hadde eg mi første gravferd, og eg ser at sorgsamtalen er ein viktig del av dette.

Eg er svært takksam for at eg har fått høve til dette. Det vert meir og meir gjevande og meningsfullt for meg. Etterkvart kan eg tenkja meg å ta kurs og bibelstudium for å læra meir, men elles lærer eg av erfaring. Eg er og takksam for alt Magnar gjer for meg. Han har vist god pedagogisk innsikt og vore tolmodig med meg. Når eg ville gå for fort fram sa han: «Ta ikkje alt på ein gong, du må spara litt.»

Eg er takksam for at prosten sette i gang dette, og våga å satsa på meg, seier Bengt til slutt.

Ønsjekonsert i Vangskyrkja 11. mars

Av Astrid Gjestvang, kantor

Alle har eit forhold til salmar, sjølv om mange kanskje ikkje er klar over det sjølve ein gong. Yndlingsjolesongen, ein salme dei lærte på skulen, den me song i bestemor si gravferd, ein salme framført av ein kjend artist på ein ny måte...

Men kva vil DU høyre? Kva salme er din favoritt, kva tekst og melodi har gripe tak i deg? Det vil me gjerne vite, for då kan me jo synge og spele den for deg! No kan du få ønskje deg kva me skal framføre i Vangskyrkja onsdag 11. mars, og kanskje er det nett ditt ønskje som blir valgt ut den kvelden.

Send inn ønsket ditt til **ag678@kyrkja.no** eller på tekstmelding til **95856414**. Me vil gjerne vite: kva salme du ønskjer deg, namnet på den som ønskjer seg salmen og kvifor du ønskjer deg nett den salmen.

Me gleder oss til ein spennande konsert/salmekveld i Vangskyrkja. Me veit jo ikkje enno kva me skal framføre, det er det jo DU som bestemmer!

Frist for å sende inn: måndag 17. februar

Bli med i Voss kantori!

Likar du å synge? Me er ein triveleg gjeng som gjerne vil ha med fleire trivelege folk i koret vårt! Sjølv om du aldri har sunge i kor eller om du vil friske opp att gamle kunstar, er du hjarteleg velkomen til å bli med oss! Nett no øver me fram til jazzgudsteneste under Vossajazz 5. april, og me skal delta på ønsjekonsert med salmar i vinter. Eit par sundagar er dei som har høve til det forsongarar på gudstenester. Til hausten planlegg me eit prosjekt med songar av Trygve Hoff.

Kom innom oss når me øver, då vel! Me øver i Vangskyrkja fra 18.30 til 20.30 på tysdagar. Eller ta kontakt med dirigenten, Astrid Gjestvang på **ag678@kyrkja.no** eller **tlf. 958 56 414**.



Dåpskjole for Oppheim og Vinje

Oppheim og Vinje sokneråd har vore så heldige å få ein nydeleg dåpskjole til bruk for dei som måtte ynskje/trengje ein. Gratis utlån. Dersom det er ynskjeleg, ta kontakt med Marta Jorunn Almeland Kvamme på telefon **91541804**, eller nokon i sokneråda som kan bringe ynskje vidare.

Mirimba Nyamuhirwa Emery

Mirimba

Mirimba er opprinneleg frå Kongo, men har budd i Uganda i 10 år før han og familien kom til Voss i 2019. Foreldra var katolikkar, men han hadde ei bestemor som tok han med i pinsekyrkja. Han slutta seg til den som 12-åring og vart seinare døypt der. I Uganda var han frivillig evangelist i Light the world church – seinare i All Saved church of Christ – begge desse pinsekyrkjer. Han har teke eit tre-årig kurs i teologi.



Fødd: 1985 i Kongo

Bustad: Bjørgamarka

Yrke: Evangelist, men no med i introduksjonsprogrammet til Voss kommune

Familie: Gift med Neema, har sonen Gabriel (1 ½ år)

Interesser: Leika med sonen, spasera i nærmiljøet på Bjørgum, lytta til musikk. Er aktiv i Salt Voss.

Samtalen går på engelsk – noko som intervjuaren ikkje meistarar til fulle.

Kva synes du om Voss?

Eg har blitt godt motteken. Her er så mange gode menneske, og naboane er trivelege. Eg kjenner at eg er blitt akseptert. Næraste naboen min, Gurid Pedersen, er blitt ei ny mor for meg.

Sjølv om her er vått og kaldt, så tåler eg klimaet godt. Eg likar meg om det er vått og kaldt. Men ski har eg ikkje prøvd enno.

Kva er viktige verdiar for deg?

Trua mi er svært viktig. Ho hjelper meg til å verta betre kjent med Gud

og hans vilje. Gud hjelper meg å gå frelsens veg og fylgja hans meining med livet. Dei 10 boda er viktige for meg å fylgja, men og resten av det som Bibelen seier eg skal gjera. Eg kan lesa Bibelen på morsmålet mitt – swahili – på telefonen – og eg les ofte.

Medan me sit i stova hans tek han fram telefonen og les frå Moseboka om å tena Gud av heile sitt hjarte og ikkje tilbe andre gudar. «Du skal ikkje trakta etter eigedommen til naboen din», står det. Dersom folka hadde levd etter dette, ville det ikkje vore så mykje konflikt og krig i verda, slik som me ser i Syria, Irak, Sudan osv.

Kva betyr kyrkja for deg?

Eg har funne min plass i Salt Voss. Her kjenner eg stor fred å vera. Sjølv om mykje foregår på norsk – som eg ikkje kan godt nok enno – kan eg vera med på lovsongen. Dessutan vert bibeltekstane vist på skjerm, slik at eg kan finna dei fram på telefonen min og lesa dei på swahili. Eg likar godt den fengande musikken dei har, med akkompangement på trommer og gitar.

Grøn kyrkjelyd

Enkelt å kutte plast

Viss alle i Norge hadde gjort det same som deltakarane i Plastutfordringen, ville vi i løpet av to veker ha redusert forbruket av plastposar med over 9 millionar, redusert kjøp av eingangskoppar med over éin million og plukka over 300 tonn plast.

Av Sandra B. Sotkajärvi, Framtiden i våre hender

Plastutfordringen er eit samarbeidsprosjekt mellom Framtiden i våre hender (FIVH) og Ducky.eco der målet er å mobilisera innbyggjarane til å redusera sitt plastforbruk og plastforsøpling, og pushe politikarar og næringsliv til det same.

133 husholdninga frå Oslo, Kristiansand, Trondheim, Tromsø og Lillehammer deltok i utfordringa, i tillegg til 10. klassingane ved Bjørnsletta ungdomsskole.

Gjennom den digitale plattformen Ducky fekk deltakarane framlegg til 33 plastsmarte aktivitetar dei enkelt kunne gjennomføra i kvardagen sin.

Kutta store mengder plast

I løpet av en periode på to veker, har 133 hushaldningar mellom anna:

- Redusert forbruket av plastbæreposar med 927 stk.
- Redusert forbruket av eingongs plastflasker med 1365 stk.
- Sagt «nei takk» til unødvendige plastprodukt 902 gonger
- Hatt 654 plastfrie måltid
- Reparert 91 produkt av/med plast i staden for å kjøpa det nytt
- Redusert forbruket av eingangskoppar og lok med 1173
- Oppfordra politikarar, næringsliv og lagbaneliarar til å redusera plastforbruket, hindra plast på avvegar eller betra avfallssystemet 533 gonger
- Plukka minst 1467 plastartiklar på avvegar
- Arrangert 20 plastfrie arrangement

Kva kan eg gjere?

Du treng ikkje delta i Plastutfordringen for å redusera ditt plastforbruk og plastavfall. Her er nokre enkle grep du kan gjera i kvardagen som verkar:

- **Lat bilen stå.** Visste du at slitasje av bildekk er den største kjelda til mikroplastutslepp i Norge? Ved å la bilen stå og ta beina fatt, sykle eller bruke kollektivt der det er mulig, bidreg du stort til å redusera mikroplastutslepp.
- **Ha alltid gjenbrukskopp med deg.** Fleire kafear gjev no avslag i pris om du har med eigen gjenbrukskopp. I tillegg held kaffien seg varm lengre og du medverkar til å redusera forbruket av eingangskoppar og lok.
- **Planlegg handleturen.** Då kan du både ha med handlenett og gjenbruksboksar til fersk mat. Slik reduserer du forbruket av plastposar og plastemballasje der det er mulig.
- **Plastsmart klesvask.** Mesteparten av klærne våre er laga av – eller med – plast. I vask kan eitt enkelt plagg sleppa ut så mykje som 1900 mikroplastpartiklar! Ein enkel måte å hindra dette på er å redusere klesvasken, og vera bevisst korleis du vaskar når du først må.
- **Push politikarar og næringsliv.** I plastutfordringen sende deltakarane Facebook-meldingar og epostar til næringsliv, politikarar og avfallsbransjen med ei oppmoding om å redusera plastforbruket og betra avfallssystema. Det er ikkje så vanskeleg og skummelt som det høyrer ut, og har utruleg mykje å seia. Forbrukarmakt funkantar!

Her er det plass til annonsa di! Ta kontakt på mail: kyrkjebladet@voss.kyrkja.no	 VOSS PRENTEVERK MARKNADSFØRING - VISUELL PROFIL - WEBDESIGN TRYKKSAKER - MERKEVAREBYGGING ☎ 56 52 04 40 ✉ post@prenteverket.no	 Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 - med tilbod til liten og stor
 Anleggsgartnar og trøpleiar GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no	Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16	Din rørleggjar i sentrum <i>Snakk med</i> Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss
 Voss Energi -rein vossakraft!	O.L.KYTHER AS <i>entreprenør</i> Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	 Azets Insight AS avd. Voss Regimentsvegen 3, 5705 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourcing
 Voss Blomster handel Tlf 56 51 31 96	KIWI mini pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
VI ER HER. ALLTID.  KIRKENS SOS 22 40 00 40	MYRK DALEN myrkdalen.no	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blommar VIRKE GRAVFERD Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67
SELSKAP I HMV VOSS - KONSERNET HMV Bilsenter AS tlf. 56529150 HMV Maskin AS tlf. 56529130 HMV Servicestasjon AS tlf. 56529180	GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med: STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099	Her er det plass til annonsa di! Ta kontakt på mail: kyrkjebladet@voss.kyrkja.no
Nordhordland Begravelsesbyrå AS Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no <i>Stort utvalg i blomster og gravminne!</i> KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund FREKHAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70 <i>Me går saman med deg heile vegen</i>	 VOSS SPAREBANK - skapar verdiar for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - 56 52 03 00	 VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS <i>Vi ordnar alt vedrørende dødsfall. Kransar, oppsatsar og bærebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument.</i> Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypte



Voss Sokn

- 24.11 Sigrid Knapstad Kaald
01.12 Neah Ygre Skorve
Ellie Pahlm Tvinde
Sokrates Hirth-Horvei
08.12 Eira Tvinde Røthe
Arvid Nyland Gjernes
Magnus Mandt Nesheim
Joar Simonsen Gjerme
29.12 Olav Samlanes
Nils Eide Turvoll
Idun Margrethe Bringsli Kyte
12.01 Eiril Tesdal Rødland
Sebastian Lekve Rode

Granvin

- 29.12 Lucas Lillegraven

Gravlagde



Voss

- 06.12 Gunnar Prestegard, f. 1937, d. 28.11
19.12 Anne Kristin Fenne Øyeflaten, f. 1967, d.14.12
02.01 Tordis Rogne, f. 1930, d. 23.12
03.01 Ingebjørg Een, f. 1932, d. 27.12
03.01 Sjur Hirth, f. 1925, d. 18.12
07.01 Gertraud Kvalen, f. 1932, d. 26.12
08.01 Elsa Karin Nes, f. 1937, d. 26.12
09.01 Sissel Karin Vivås, f. 1948, d. 28.12
10.01 Per Giljarhus, f. 1957, d. 28.12

- 10.01 Olav Dolve, f. 1946, d. 31.12
14.01 Marit Synnøve Bøe, f. 1940, d. 07.01
14.01 Gurid Sjøtun, f. 1934, d. 05.01
15.01 Michael David Cook, f. 1955, d. 05.01
15.01 Ingrid Katrina Mossefinn, f. 1925, d. 02.01
16.01 Filip Kucinski, f. 2003, d. 04.01
16.01 Alfred Kvarme Bidne, f. 1942, d. 05.01
17.01 Styrk Moe, f. 1927, d. 08.01
17.01 Aslaug Gjelland, f. 1927, d. 05.01
17.01 Marta Solveig Sandvik, f. 1931, d. 02.01

Vinje

- 27.12 Hermod Søtvik, f. 1932, d. 17.12

Oppheim

- 27.11 Anna K. Tveite, f. 1924, d. 16.11
29.11 Hanne Lotte Nilssen, f. 1964, d. 13.11
09.01 Knut Georg Beckstrøm, f. 1959, d. 31.12
10.01 Gerd Marie Stalheim, f. 1942, d. 03.01

Granvin

- 26.11 Ivar Brekke, f. 1939, d. 14.11
04.12 Anna N. Hannevig, f. 1927, d. 23.11

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

1. Foreldre/føresette melder barnet til dåp, gjerne via nettsida vår.
2. Presten tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
3. Dåpssamtalen er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
4. Dåpen. I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
5. Dåpsattest er eit dokument foreldre får som viser at barnet er døypt.



Me ynskjer alle velkomne til dåp hjå oss, og me står gjerne til teneste, t.d. kan ein låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida www.voss.kyrkja.no/dåp

GUDSTENESTELISTE

Vangskyrkja:

- 16.02. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd.
Hove. Takkofter til kyrkjelydsarbeidet.
- 23.02. kl. 16.00 Karnevalsgudsteneste i Vonheim.
Nattverd. Hove m.fl. Takkofter til
Voss KFUK/M.
- 26.02. kl. 18.00 Skriftemålgudsteneste. Hove.
- 01.03. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp. Hove.
Takkofter til kyrkjelydsarbeidet.
- 08.03. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd.
Hellesøy. Takkofter til Dei fire
diakoniinstitusjonane.
- 15.03. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp. Hove.
Takkofter til kyrkjelydsarbeidet.
- 22.03. kl. 11.00 Misjonsgudsteneste med dåp.
Hove m.fl. Middag og basar i
Prestegarden etterpå.
- 29.03. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd og T7.
Hove.

Evanger kyrkje:

- 16.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.
Kvamsøe.
- 15.03. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.
Sandvik.

Bolstadøyri kapell:

- 01.03. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.
Sandvik.

- 29.03. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.
Kvamsøe.

Oppheim kyrkje:

- 15.03. 19.30 Folkemusikkmesse. Torsvik. Takkofter
til Vossestrand Røde Kors.

Vinje kyrkje:

- 08.03. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd.
Torsvik. Takkofter til kyrkjelyden sitt
musikalske arbeid. Årsmøte.

Jordalen kyrkje:

- 01.03. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.
Torsvik. Takkofter til Frelsesarmeen
Voss.

Mjølfjell kapell:

- 23.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.

Granvin kyrkje:

- 16.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.
Tomren. Takkofter til kyrkjelydsar
beidet.
- 15.03. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.
Arvidsson. Takkofter til
Frelsesarmeen.

AKTIVITETSKALENDER

Seniortreffa:

- Tysdag 11 februar.** Gjennbruk og NMS. Med Gunn Lie
Morland
- Tysdag 10 mars.** Soga til Voss Sparebank. Med
banksjef: Jørund Rong
- Tysdag 21. april.** Lina Sandell, i ord og tonar. Med
Marit og Per Helleve.
- Tysdag 9. juni.** Program kjem seinare.

Kyrkjeakademiet:

- Onsdag 19. februar** – Vert betre kjend med
soknepresten vår, Anders Hove. "Ny på Voss: Møte
med bygda, folket og humoren, og forventningane til
presten" Samtale mellom Nils Dagestad og Anders
Hove. Vonheim kl. 19.00

- Onsdag 11. mars** - "Dragning mot sinnets dyp - eit
utval folkeviser sett frå ein psykologisk synsvinkel"
Konsert og bokpresentasjon med Eli Storbekken,
Halvor Håkanes og Astri Hognestad. Vonheim kl. 19.00

T-dagar:

- 23. februar kl. 16:00:** Karnevalsgudsteneste i Vonheim.
- 06. mars kl. 17:00:** T8, tårnagentar i Oppheim kyrkje.
- 11. mars kl. 17-20:** T8/T9, tårnagentar i Evanger kyrkje.
- 16. mars kl. 09:00:** T8, tårnagentar i Vangskyrkja.
Tårnagentane er også særskilt inviterte til
misjonsgudstenesta søndag 22. mars.